

Språkdagen, 13. november 2012

I Asbjørnsens ånd

av Edvard Hoem

Peter Christen Asbjørnsen, født 1812, var, etter det han sjølv skriv, fjorten år gammal, da han på vandring frå Kristiania mot Ringerike var komen til den øverste garden i Sørkedalen og fekk ei gammal kjerring til å peike ut vegen for seg:

Det er strake vegen over heile skogen, og jeg skal te han den så skjellig, som han såg den for seg. Først går han opp kleiva og alle bakkene borti åslia der, og når han er kommen opp på høgda, såg han store sterke vegen rett fram til Heggelia.

Det Asbjørnsen møtte i Sørkedalen var eit norsk, folkeleg mål som alle nordmenn vil gjenkjenne som norsk. Han var ikkje den første skrivande nordmann som fann det danske litterære språket var utilstrekkeleg når ein skulle skildre folkets kvardagsliv og gjengi folkets historier. Petter Dass hadde gitt seg Helgelands-dialekten i vald da han skulle skildre eit møte mellom to bønder i *Nordlands trompet*, og Edvard Storm brukte gudbrandsdalsdialekten i sine *Døleviser*. Vi kunne nemnt mange fleire.

Men frå Asbjørnsens tid flomma det norske talemålet inn i skriftmålet frå alle kantar. Ivar Aasen sat i årevis og skreiv ned det som vart sagt i bondestuer i alle landsdelar. Olea Crøger og Magnus Bostrup Landstad lokka fram dei norske folkevisene som hadde levd på folkemunne gjennom hundreåra. Asbjørns skriv sjølv i *Kvernsagn* korleis han, i ein tre manns samtale nær Breke-saga ved Maridalsosen måtte fortelja segner sjølv for å få dei andre til

å løyse tungebandet. I løpet av mindre enn tjue år vart segnene og eventyra, ordtaka og fyndorda, folkevisene og skillingstradisjonen sjølve grunnmuren for eit norsk og fornorska skriftmål. Bjørnson gjekk laus på den rådande syntaksen i dansk skriftmål da han for alvor innleidde sitt ville ritt i avis-spaltene i januar 1854, med sin drepende kritikk av *En Nytårsbog*, som den gamle diktargenerasjonen hadde snekra saman det året. Det var som nitroglyserin da Bjørnson storma inn i avisspaltene, sa Jonas Lie, subjekt rett på objekt.

Bjørnson la ikkje skjul på kvar han hadde det frå: *Gud skal vite, at det var blet lidet av mig, om ikke du hadde været*, sa han ein gong om Asbjørnsen. I Bjørnsons eldre år mogen vart omsynet til språkfelleskapet med Danmark viktigare enn omsynet til folkemålet. For riktig å understreke sitt riksmålsprogram, skreiv Bjørnson i sitt siste dikt vers på norsk folkemål så det ljoma gjennom heile landet, da ei lang rekke aviser 29.desember 1909 trykte hans *Kantate til hundreårsfesten for Norges Vel*, medan diktarhøvdingen låg på dødsleiet i Paris:

*Gamlefar i stua
tapte lengst trua
på almanakken,
og gamlemor ved grua
på gigten som var hennes tegn.*

*Slunken kommer kua
ut fra båsen,*

*stanser ved sæterbua
og rauter op i det tomme.*

Både hos Bjørnson og hos mange andre forfattarar i riksmålstradisjonen har det heldigvis i mange situasjonar vore trygg avstand mellom liv og lære. Å skrive er noko meir enn ei viljesakt, der ein rir fram språkpolitiske kjepphes-tar. Den som lever i Norge må finne seg i å leva i spennet mellom ein skrift-tradisjon som har røter i det danske og eit folkemål som går sine egne vegar. Vi som skriv på nynorsk må på den andre sida leva med at ein stor del av lesarane våre ikkje opplever språket vårt som sitt eige, trass i at dei forstår det, og til og med snakkar nynorsknære dialektar. Det siste har eg smerteleg fått erfare blant anna på Helgelands-kysten: *Jamen eg skriv jo nøyaktig som dokker her snakkar. Ja, det er det som er så forferdeleg, svarte mannen eg snakka med.*

Motsetninga mellom talemål og skriftmål kan stundom bli ei fantastisk kjelde til litterær nyskaping. Når folkemålet blir avvist av eit for rigid og jom-frunalsk skriftspråk, får ein temmeleg snart smaken av papir i munnen, det gjeld i nynorsk så vel som i bokmål. Fornorskinga, som gradvis skulle fornye det dansk-norske skriftmålet ved hjelp av norsk talemål, var ei sjølv sagt og nødvendig oppgåve for både Knut Hamsun og Johan Falkberget. Dermed spela dei på heile klaviaturet, frå klokkardansk til nordlandsdialekt, også når dei gjengav den folkelege talen: *Jeg har det ikke fornødent, sa Theodor på Bua, men også: gruv ikke for det!*

Olav Duun røska opp i landsmålet arkaiske konvensjonar, men endte opp med å bli kalla dialektforfattar fordi puristane og vestlandsprovinsialistar

ville drive misjon for sitt eige i staden for å ta heile landets språkarv inn over seg.

Den danske Aksel Sandemose lytta etter talemålet der han gjekk og stod i det norske landskapet. Dei største versediktarane vrimla fram med Alf Prøysen i spissen og dialekten som instrument. Det er framleis Asbjørnsens ånd som susar hos Kari Bremnes og Henning Sommerro.

Folkemålet i heile landet har, i Asbjørnsens ånd, gitt oss ein rik og samansett tradisjon. Dei aller fleste dialektar har fått status og sjølvtilitt gjennom lokal litteratur og på grunn av skribentar i alle sjangrarar som har gjort dialekten og den lokale sjargongen til sitt varemerke. Det store spørsmålet er om denne impulsen kan halde fram med å virke i norsk språk også i det 21. hundreåret.

I mellomkrigstida vart det eit politisk mål at dei to norske skrifttradisjonane skulle vekse saman til ein, og det vart gjort omfattande rettskrivingsendringar i bokmål og nynorsk som skulle føre oss nærare dette målet. Same kor velmeint denne planen var, det folkelege målet kom til å lide under det. Folkemålet vart oppfatta som ein hemmeleg våpendragar for samnorsktanken, og det same vart nynorsken mange stader. Sidan samnorsken alt var definert som eit overgrep, vart folkemålet og nynorsken medskuldige. Derfor kunne ein nynorskforfattar som eg fram til for kort tid sidan oppleve at folk sa dei hata språket eg skreiv på, sjølv om dei likte bøkene. Eg fann ikkje på noko anna å svara vedkomande som sa dette at eg får tilgi deg, sidan du lever i ein norsk provinsby, hadde du sagt det same i Frankrike, hadde eg vore nøydd til å slå deg ned.

Framleis er det riksmål, landsmål og slagsmål. Men det er ikkje spesielt

norsk at strid om språk framkallar sterke kjensler. Det har vore sagt at språkstriden har vore nyttig. Eg vil påstå at den språkstriden vi har hatt, i alle fall etter den andre verdskrigen, har vore negativ og kontraproduktiv: Dårlegare vilkår for det folkelege talemålet som ressurs for skriftmålet.

Ulykka er at *kraftkjeldene* i talemålet vart utestengde frå riksmålet, sidan mange oppfatta det som folkemålet gjekk samnorskens ærend. Dei store riksmålsforfattarane opphevar denne ulempa, dei små gjer det ikkje, Bjørnsons argumentasjonsmåte, som skulle ta vare på språkfelleskapet med Danmark, kom igjen på dagsorden, men denne gong med eit anna siktemål. Landsmålet var ikkje eit legitimt språk, men eit kunstig språk, og det kunne derfor heller ikkje eksistere som eit *legalt* språk. Det ville ta hundre år å omskapa det til eit kulturspråk, sa Bjørnson. Vel, det er gått hundre år.

Vi har hatt ein hundreårskrig om kven som skulle ha det kulturelle hegemoniet i Norge. Er det ikkje på tida å innsjå at vi deler ein felles arv? Polarisering og maksimalisme har prega språkstriden, og vi blir liksom ikkje ferdige med det. Stadig skriv nye generasjonar spynorsk på ordlista si. Kvar har dei det frå? Det får andre forklara, men eg konstaterer at mange av dei har fått eit inntrykk av at nynorsken er eit illegitimt og kunstig språk.

Tradisjonalistane lamma Noregs mållag i tretti år med generasjonslange stridar om kva som var best, i-mål eller a-mål. Sjølv i dag blir mange av dei fremste nynorskforfattarane i visse nynorsk-miljø oppfatta som samnorskfolk, om vi da ikkje rett og slett er forrædarar. Somme av desse målfolka lever etter same parole som ein innsendar i bladet Møre i Ørsta for hundre år sidan, da eldhanen ei vinternatt tok til å gala over eit uthus i sentrum av bygda: *Sume ropa at der var eld laus, andre skreik at det var lauseld, medan*

det også var dei som gløymde morsmålet sitt og ropte brann.

I dag er dei moderate bokmålsformene fullstendig dominerande i skjønnlitteraturen og i dei toneangivande avisene. Syttiårsradikalismen vart eit blaff i språket. Dei siste tjue åra har det dialektale vore på defensiven både i poesien og prosaen. Berre i populærkulturen, i visesongen og humor-bøkene og til ein viss grad på teaterscenen har folkemålet overlevd.

Slik var det i alle fall til for fem eller seks år sidan. Eit paradoksalt og lysande unntak er det at den romanforfattaren som i dag når lengst ut i verda av alle, Per Pettersson, skriv eit drivande radikalt bokmål. Men sidan det for enkelte kan lyde som ein nedsettande karakteristikk, seier eg at Pettersson er ein stor nynorskforfattar. Den største av alle språkmeistrar på er Thure Erik Lund. Per Petterson og Lund arbeider ikkje berre i Asbjørnsens ånd, dei skriv også nesten det same språket som Asbjørnsen fann i utkantane av Kristiania for seks generasjonar sidan. Utan den ville dei ikkje ha vore så store kunstnarar som dei er.

Eg seier ikkje dette for å vende våpna mot riksmålet. Det riksmålet har fått fram på det litterære og språklege området har ei tyngde som gjer at vi må akte og ære riksmålet også dei dagane vi ikkje greier å elske det fordi talsmennene for dette målet ikkje vil gi oss den retten dei sjølve han. Åtaka på karakteren i skriftlege nynorsk, vil om dei fører fram, føre til ei endring av lov om offentleg målbruk. Dette veit alle, eg treng ikkje bruke tid på det. Og så blir det neste eit oppgjær med jamstellingsvedtaket frå 1885. Det veit også alle, eg treng ikkje bruke tid på det.

Men dersom rette til fritt språkval skal gjelde i det offentlege, må det og gjelde i det private, i avisene og næringslivet. Da må ikkje berre mållova,

men redaktørplakaten endrast, slik at journalistar og folk i næringslivet *fritt* kan velja arbeidsspråk. Kanskje kunne vi endeleg innføre språkfridom i Norge, for eksempel den 17. mai i 2014? Eller skal avisredaktørane ha ein eksklusiv rett av Guds nåde, medan kongen i statsråd ikkje har det, til å bestemme kva slags norsk undersåttande skal skrive?

Eg arbeidde i Dagbladet eit par år: samarbeidet begynte med at redaktør Solstad sa til meg. *Og avisens språk er bokmål.* Og det gir eg f... i, sa eg. Øh, akkurat, ja, sa Solstad. Seinare skulle det heite at han såg gjennom fingrane med det! Det er ein utruleg tilstand, og den gjeld framleis. Ja, ein yngre Dagblad-medarbeidar sa til meg. *Det hadde ikke gått i dag. At du fikk skrive nynorsk i Dagbladet.*

Det er ikkje språkfridom i Norge i 2012, og det er øydeleggande for vår norske språkutvikling.

Dersom alle kunne velja sitt eige språk, nynorsk eller bokmål, og så ha rett til å skrive det, det vil seia skrive det rett, ville vi oppleve ein revolusjon i den norske skrifta, og vi ville for første gong i vår språkhistorie få fram det reelle styrkeforholdet mellom dei to norske målformene.

Eit fulltonande norsk skriftspråk kan ikkje leva utan at kan høyre klangen av folkemålet rundt oss. God språkdag!

Edvard Hoem